



Magne Fosse
Alverflaten 254
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2758 - 19/38781

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@lindas.kommune.no

Dato:
19.12.2019

Løyve til deling/arealoverføring - gbnr 137/74 Alver

Administrativt vedtak: Saknr: 806/19

Heimelshavar: Magne Fosse

Søkjjar:

Søknadstype: Søknad om arealoverføring, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

Saksutgreiing

Tiltak

Saka gjeld søknad om arealoverføring ved frådelling av om lag 900 m² frå gbnr. 137/74 til gbnr. 137/75. Arealet skal i hovudsak nyttast til vegareal i samband med bygging av ny skule.

Det vert elles vist til søknad mottatt 09.10.2019.

Saksbehandlingsfrist

Søknaden var klar for behandling den 09.10.2019, og frist for saksbehandling etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. forskrift om byggesak § 7-2 er 12 veker frå denne dato. Overskriding av fristen fører ikkje til redusert gebyr i saker med 3 vekers Saksbehandlingsfrist.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i Reguleringsplan - Områdeplan Alversund er definert som vegg grunn og offentleg/privat tenesteyting.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla , då det er berre kjøpar og seljar som er berørt.

Plassering

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan mottatt 09.10.2019.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

VURDERING:

Vurdering av pbl § 26-1

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det følj vidare av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomtar som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det er synt i situasjonsplan mottatt 09.10.2019.

Konklusjon

Kommunen gjev løyve til overføring av om lag 900 m² frå gbnr. 137/74 til gbnr. 137/75.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til overføring av om lag 900 m² frå gbnr. 137/74 til gbnr. 137/75, på følgande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan mottatt 09.10.2019, jf. pbl. § 29-4.
- Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedsregistrering jf. pbl § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i Privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Oppmåling

Saka vert oversend Geodata avdelinga. Saksbehandlingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå

rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkellova § 35.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Eigedomsavdelinga

Mottakarar:

Magne Fosse

Alverflaten 254 5911

ALVERSUND